



Ivar Fineid
Toskavegen 521
5936 MANGER

Referansar:
Dykkar:
Vår: 22/8030 - 22/93097

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
06.12.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 443/6 Toska

Tiltak: Dispensasjon og deling
Byggjestad: Gbnr 443/6
Tiltakshavar: Ivar Fineid

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.11 og 23.11.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det er ikkje lagt ved gjenpart av nabovarselet. Dette må sendast inn.
2. Søknaden er sendt inn før fristen for å komme med nabomerknader var ute. Det må gjerast greie for om det er komme nabomerknader. Eventuelle nabomerknader må kommenterast.
3. Det må leggjast fram løyve til utvida bruk av avkøyrsløype frå offentleg veg.
4. Det må leggjast fram utsleppsløyve eller førehandsutsegn om at slikt løyve vil verta gjeve. Du kan kontakte Hogne Askeland på avdeling Miljø og tilsyn i Alver kommune for spørsmål om dette.
5. Det må leggjast fram løyve til tilkopling offentleg vatn eller førehandsløyve for tilkopling. Du kan kontakte avdeling Veg, samferdsel og VA forvaltning i Alver kommune for spørsmål kring dette.
6. Det må leggjast fram erklæring om rett til vass- og avløpsleidningar over annan grunn. Likeins må slik erklæring leggjast fram for veg. Vi tilrår å bruke Kartverket sine erklæringar. Du kan la feltet for rettshavar, punkt 3A, stå oppe for seinare utfylling. [erklæring-om-rettighet_nyn.pdf](#)
7. Det må visast at krav til utopphaldsareal sett i føresegnene punkt 2.9 til kommunedelplan for Radøy vert oppfylt. Minst 200m2.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 08.01.2023 . Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Ivar Fineid

Toskavegen 521

5936

MANGER